

13.6.2022

Klima- og miljødepartementet  
v/rovviltnemnda region 6  
v/Statsforvaltaren i Trøndelag  
[sftlpost@statsforvalteren.no](mailto:sftlpost@statsforvalteren.no)

## **VEDTAK OM KVOTE - LISENSFELLING AV JERV I REGION 6 I 2022/2023 - KLAGE**

Vi viser til sak 18/22 handsama i møte 23.5.2022, kunngjort på miljøvedtaksregisteret 25.5.2022.

Naturvernforbundet klager på vedtaket som er gjort. Naturvernforbundet arbeidar spesielt med biologisk mangfald. Vi kan gjere nærare greie for vår klagerett på førespurnad.

Vi meiner at kvota er for stor og at grunnleggande prinsipp knytt til ordninga med reservekvote er feil. Det er dei siste åra felt så mykje jerv at det no ikkje er rom for noka kvote.

Nemnda må gjere vedtak om jervekvota på eit tidspunkt då ein del opplysningar om bestanden av jerv manglar. Verken på tidspunktet administrasjonen må lage saksframlegget eller på møtetidspunktet veit ein alt om kor mange ynglingar det har vore.

Det er vesentleg at ein då gjer vedtak om eit tal dyr basert på det ein veit og ikkje det ein trur vil vere tilfelle. Det siste er det reservedelen av kvota skal brukast til å dekke opp.

Rovdata sin jervteljar er den enklaste og grovaste oversikta som er tilgjengeleg.

Pr. 13.6.2022 ligg det slik an på jervteljaren:

Region 6				
	16.5.2022	Møre og Romsdal	Molde	Antatt
	5.5.2022	Trøndelag	Høylandet	Dokumentert
	4.5.2022	Møre og Romsdal	Surnadal	Dokumentert
	20.4.2022	Møre og Romsdal	Rauma	Antatt
	20.4.2022	Møre og Romsdal	Molde	Antatt
	20.4.2022	Trøndelag	Snåsa	Dokumentert
	14.4.2022	Trøndelag	Høylandet	Dokumentert
	8.4.2022	Trøndelag	Oppdal	Dokumentert
	5.4.2022	Trøndelag	Snåsa	Dokumentert

Og slik ligg det an i nabofylket som region 6 delar den sørvestlege delbestanden av jerv med:

Region 3				

På vedtakstidspunktet hadde ein oversyn over 9 ynglingar i region 6, inklusive 2 tisper felt på hiuttak. Målet er 10. Vidare har region 3 som ein deler den sørvestlege delbestanden med mål om 4 årlege ynglingar, og dei har ikkje registrert nokon.

4 av ynglingane er i Møre og Romsdal, dvs. 1 over det fastsette årlege målet. Når ein ser nærare på dette, finn ein at 3 av ynglingane er i forvaltingsområdet. Den siste er i beiteprioritert område. Som del av rovviltforliket blir det praktisert tydeleg sonedeling. Dvs. at ynglingar i beiteprioritert område vil stort sett bli felt på eit tidspunkt, anten ved hiuttak, skadefelling eller i lisensjakt med rikeleg kvote. I dette tilfellet skjedde det eit hiuttak der tisper og to kvalpar blei drepne. Dette var kjent for nemnda då dei gjorde vedtak. Bestanden er altså no heilt etter forvaltingsplanen til rovviltnemnda, og dei jervane som framleis lever er i området der nemnda har bestemt at ein skal ha jerv.

Det kan moglegvis diskuterast om det kan vere ei avkasting som kan jaktast på i forvaltingsområdet. For å avgjere dette, må ein sjå på kva den faktiske bestanden er i dette området, og om bestanden blir påverka av andre faktorar.

Korleis det står til over grensene er då eit moment. Oppland har mål om 4 ynglingar, men det er til no ikkje påvist ei einaste yngling. Sidan bestanden i Møre og Romsdal og Oppland utgjer mesteparten av den sørvestlege bestanden av jerv, ser ein at ein burde hatt 7 ynglingar, men har berre 4. Då ligg ein totalt sett verken over eller på målet, men ein del under. Det plikter ein å ta høgde for, jf. naturmangfaldlova § 10.

Tal ynglingar dei siste åra, Møre og Romsdal:

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Totalt ynglingar	3	3	6	5	5	4
Ynglingar i forvaltingsområdet	2	1	3	2	3	3

Ved gjennomgang av DNA ser det også ut til at ein ikkje har så mange som 20 jervar i Møre og Romsdal som 3 ynglingar tilseier.

Det har vore ei yngling nær grensa på nordsida, i Oppdal, men også her har det vore hiuttak.

Ein ser ein del spor etter smågnagarar etter denne vinteren, i alle fall i delar av Møre og Romsdal. Men ein ser liten smågnagaraktivitet no, og ein ser ikkje rovfuglaktivitet som speglar ein stor smågnagarbestanden. Til ein har dokumentasjon for noko anna, kan ein difor ikkje ta høgde for ein plussfaktor for mattilgang.

Med denne bakgrunnen meiner vi at ein kan slå fast at det ikkje er haustbart overskot samanlikna med forvaltingsplanen på møtetidspunktet og heller ikkje når klaga blir sendt.

Trøndelag skal etter forvaltingsplanen ha 7 årlege ynglingar. Så langt er det registrert 5. 3 av ynglingane er i beiteprioritert område. 1 tisper med 2 kvalpar er alt drepne i Oppdal.

I Trøndelag har ein dermed 2 ynglingar i forvaltingsområdet for jerv, der det altså er mål om 7. 2 ynglingar er i beiteprioritert område i Høylandet kommune, og den siste ynglinga er på dei evige jaktmarker.

Når ein har 5 ynglingar for lite i forvaltingsområdet for jerv, er det då rett å tildele kvote i dette området? Svaret må inntil vidare vere nei.

Vi legg merke til dette i saksutgreiinga:

Uttaket av jerv har økt noe de sesongene 19/20 og 20/21 (figur 7). En må likevel merke seg at uttak er størst innenfor forvaltningsområdet, og at lisensfelling fremdeles ikke har gitt tilstrekkelig resultat i beiteprioritert område i regionen. I september 2020 ble utøvelsesforskriften endret, slik at det ble tillatt

Etter at vi i flere år har vore over målet i forvaltningsplanen med tilhøyrande store kvoter, ser vi sannsynlegvis at dette har hatt ein verknad, og at bestanden av jerv no er ein del lågare.

Det blei opplyst på rovviltnemndsmøtet at det var igjen 6 hilokalitetar (2 i kvart «fylke») der ein ikkje var ferdig med undersøkingane med omsyn til yngling no i vår. Det er altså mellom 0 og 6 ynglingar som kan kome til.

Sidan det er eit uttalt mål i rovviltforliket å drive ei tydeleg soneforvaltning, vil det i tillegg til å nå ynglemåla i kvart enkelt fylke også vere eit mål om at det som skal vere av jerv er i forvaltningsområdet. Dvs. at lisensjakta går ut på å felle jerv som finst i beiteprioritert område så lenge det er ein bestand som er stor nok i forvaltningsområdet. I forvaltningsområdet for jerv er det berre aktuelt å felle dyr viss det er ein større bestand enn det er mål om.

Forvaltningsplanen seier noko om at ein i beiteprioritert område bør vedta ei rikeleg kvote. I dette ligg at kvota ikkje skal verka avgrensande for uttaket. Det tyder også at ein ikkje veit om det finst så mange dyr som det er vedtatt kvote. Det siste har lite å seie bortsett frå at uttak av ei eventuell restkvote ikkje kan basere seg på eit slikt prinsipp.

Når ein legg desse prinsippa til grunn kan det bli tale om følgjande kvoter:

Forvaltningsområdet i

Møre og Romsdal: 0

Trøndelag: 0

Beiteprioritert område i

Møre og Romsdal 0 (Ein har ikkje nådd ynglemålet i forvaltningsområdet i Trøndelag)

Trøndelag: 0 (Ein har ikkje nådd ynglemålet i forvaltningsområdet)

Så var det å rekne ut reservekvote.

Viss ein får påvist 5 ynglingar til i Trøndelag, har ein grunnlag for å tildele kvote på beiteprioritert område. Kvota kan vere rikeleg. Sidan det berre var 4 uavklarte hilokalitetar i Trøndelag, så er det ikkje rom for bruk av reservekvote i Trøndelag.

For forvaltningsområdet i Møre og Romsdal ligg ein i dag på målet. Det kan bli ytterlegare 2. Men som følge av samordningsansvaret med region, 3 så må det kome til 4 ynglingar i Oppland og i Møre og Romsdal før ein er på målet for Møre og Romsdal og Oppland til saman, og ytterlegare ei yngling for at det skal vere fleire enn det som ligg i ynglemålet.

Om region 3 har noko anslag når det gjeld moglege ynglingar for i år, er ukjent for oss.

Beiteprioritert område i Trøndelag ligg direkte inntil forvaltningsområdet som ikkje når måla sine. Beiteprioritert område i Møre og Romsdal ligg inntil forvaltningsområde i Trøndelag som ikkje har nådd målet.

Vi har elles merka oss at Statsforvaltaren i Innlandet den 8.6. har avslått skadefellingsløyve i Skjåk og Lom, mellom anna som følge av at det ikkje er ynglingar registrert så langt i region 3.

Miljødirektoratet har i vedtak av 27.5. avslått å gje skadefellingsløyve i Lierne kommune, mellom anna som følgje av få ynglingar i området i år.

### **Konklusjon**

Kvotene har vore så store dei siste åra at det ser ut til at bestanden no ligg under målet i forvaltingsplanen. Det må føre til ein stor reduksjon i kvotene.

Så lenge ein ikkje ligg over fylkesmåla innanfor forvaltingsområdet, er det ikkje grunnlag for kvote i forvaltingsområdet. Vidare må ein vere varsam med kvote i prioritert beiteområde, slik at bestanden kan byggast opp til ønska nivå i forvaltingsområdet.

Ein må også ta omsyn til at ein til no ikkje har dokumentert ynglingar i region 3, som del av den sørvestlege delbestanden for jerv.

Det er ikkje rom for lisenskvote for jerv i jaktseongen 2022-2023.

Med vennleg helsing

Øystein Folden  
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal